



**Fyresdal kommune**  
**Barnehage og skule**

# **LOKAL PLAN**

## **INKLUDERANDE BARNEHAGE OG SKULEMILJØ**

**05.12.2018**

**Vedtatt av kommunestyret 13.12.18**

## Innhold

1. Lovverk .....	2
2. Bakgrunn .....	3
3. Ståstad .....	4
3.1. Barnehagen – kor er vi i dag? .....	5
3.2. Skulen – kor er vi i dag? .....	5
4. Mål .....	6
4.1. Mål for barnehagen: .....	6
4.2. Mål for skulen: .....	7
5. Forankring og organisering .....	8
5.1. Forankring .....	9
5.2. Organisering .....	9
5.3. Ressurspersonar – rolle og ansvar .....	9
5.4. Personalet - roller og ansvar .....	9
6. Involvering .....	10
6.1. Korleis involvere barn, elevar og føresette? .....	10
7. Erfaring og kompetanse-delning .....	10
8. Finansiering .....	10
9. Kompetanseutvikling .....	11
10. Vedlegg .....	11



## 1. Lovverk

- opplæringslova
- læreplanverket for kunnskapsløftet
- barnehageloven
- rammeplanen for barnehagen
- Barnekonvensjonen
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- Diskrimineringsloven om etnisk diskriminering



## 2. Bakgrunn

"Direktoratet har, på bakgrunn av bl.a. Meld.St.19 (2015-2016) Tid for lek og læring- Bedre innhold i barnehagen og NOU 2015:2 Å høre til- Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø, fått i oppdrag av Kunnskapsdepartementet å tilby kompetanseutvikling som skal styrke barnehagers, skolars og eieres kompetanse i å fremme trygge miljøer og forebygge, avdekke og håndtere mobbing og andre krenkelser. En del av denne kompetanseviklingen er tilbudet Inkluderende barnehage- og skolemiljø-samlingsbasert tilbud."

Telemark er vald ut som 3. pulje og kommunar kan søke om deltaking. I Vest-Telemark har Forum for utdanning og Barnehageforum søkt om deltaking i prosjektet i samråd med Fylkesmannen.

I Fyresdal er det bare ein barnehage og ein skule og ein ser dette som eit utgangspunkt for eit tettare samarbeid når det gjeld gode overgangar, samt barn og elevs psykiske helse som ein raud tråd gjennom barnehage- og skuletida.

Å fremje trygge og gode barnehage- og skulemiljø er grunnstamma i arbeidet. Målet med dette arbeidet er ikkje primært å førebyggje og handtere mobbing og andre krenkelsar, som vi har drive mykje med tidlegare, men meir å utvikle og oppretthalde trygge og gode barnehage- og skulemiljø.

Det heilskaplege arbeidet kan delast i tre: 1) å skape eit trygt og godt miljø i barnehagar og skular, 2) å førebyggje mobbing og andre krenkingar, 3) å handtere mobbing og andre krenkingar når det oppstår. Dette illustrert i følgjande modell:



### 3. Ståstad

Felles for barnehage og skule:

- Gjennomgang av HMS på kvart møte, kvar veke
- Krise- og beredskapsplan, sjå [www.fyresdal.kommune.no](http://www.fyresdal.kommune.no)
- Kriseportalen, [www.kriseportalen.no](http://www.kriseportalen.no)
- Samanhengen mellom barnehage og skule , sjå [www.fyresdal.kommune.no](http://www.fyresdal.kommune.no)
- Verktøy for sosial kompetanse: SMART i barnehagen, Zippys vener for småsteget, ART

#### 3.1. Barnehagen – kor er vi i dag?

- barnehagen gjennomfører HMS-runde på alle barn i kvart møte
- barnehagen brukar konflikthandteringsmodellen i arbeid med barna
- barnehagen gjennomfører oppstart- og foreldresamtaler i løpet av eit år
- barnehagen driv SMARTarbeid både i barne- og vaksengruppa (sosial kompetanse)
- barnehagen har tett samarbeid med PPT i systemarbeid og tidleg innsats

#### 3.2. Skulen – kor er vi i dag?

- alle steg på skulen gjennomfører HMS-runde på alle elevar i kvart møte
- skulen har tilgang til psykologisk fyrstehjelpsskrin
- Skulen har eit tett samarbeid med heimen gjennom regelmessige foreldremøter, elevsamtaler og utviklingsamtaler
- Småsteget brukar Zippys vener som verktøy for sosial kompetanse
- Skulen har tett samarbeid med PPT i systemarbeid og tidleg innsats, i tillegg til samtaler med barnevern og BUP
- skulen har utarbeidd rutinar for å handtere mobbing og andre krenkingar, samt rutinar for handtering av OPL § 9A.
- skulen brukar kriseportalen for oppfølging i vanskelege saker og samtaler



## 4. Mål

Felles mål:

- Systematisk arbeid for å fremje helse, tryggleik, trivsel, leik og læring.
  - Samtaler/dialog
  - Observasjon
  - Undersøkingar/kartlegging
  - Rutinar
- Auke kompetansen om vaksenrolla for å skape eit inkluderande miljø for alle.
  - Auke relasjonskompetansen
  - Vere rause og positive med kvarandre
  - Auke leiarkompetansen
  - Systematiske medarbeidarsamtaler – lage ein felles mal for barnehage og skule
- Heilskapstanken 0-16, livsmeistring for alle
- Skape trygge overgangar, frå barnehage til skule og frå steg til steg.
  - Gjennomføre plan samarbeid barnehage og skule.
  - Bli kjent med dei ulike pedagogiske tankane, skape ei felles plattform og utvikle eit felles barnesyn.

### 4.1. Mål for barnehagen:

Mål i høve budsjettet/økonomiplan 2019:

- Barnehagen skal skape og utvikle eit barnehagemiljø der alle opplever tryggleik, trivsel, tilhøyre, meistring og glede.
- Barnehagen skal gjennom leiken styrke kunnskapen om relasjonsbygging, tilknytning, inkludering, integrering, språk, observasjon og konflikthandtering.
- Barnehagen skal bruke metoden SMART til å styrke sosial kompetanse.
- Barnehagen skal involvere foreldre i førebyggande tema.
- Barnehagen skal styrke heilskapsperspektivet 0-16 år

Overordna mål:

- Barnehageloven, del av formåls§ 1: Barnehagen skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap.
- Rammeplanen: Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og at han skal førebyggje krenkingar og mobbing.
- Barnehagen skal ha høg kvalitet som fremjar trivsel, leik og læring

### Mål for tilsette:

- Alle skal arbeide med SMART i barnegruppa og i personalet.
- Auke kompetansen på observasjonsmetodar og bruke dei vidare i utviklingsarbeid
- Gjennomføre utviklingssamtale/medarbeidarsamtale
- Leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø:
  - Delta i og bidra til sosiale arrangement i barnehagen
  - Jobbe for eit raust arbeidsmiljø, der vi fram-snakkar kvarandre og organisasjonen.
- Bevisstgjerjing av ei positiv vaksenrolle:
  - La barna få medverke og kjenne livsmeistring
  - Auke relasjonskompetansen
  - Fremje barns psykiske og fysiske helse
  - Auke leiarkompetansen
  - Auke leikekompetansen
- Sikre trygge overgangar for barna:
  - Overgang mellom avdelingar (god informasjon til ny pedagog og foreldre)
  - Overgang barnehage-skule

### Mål for barna:

- kjenne seg trygge i barnehagen kvar dag.
- Utvikle sosiale ferdigheter.
- Møte andre med respekt og inkludering
- Oppløve tilhøyre og vennskap
- Utvikle sjølvstende
- Utvikle eit godt munnleg språk

## **4.2. Mål for skulen:**

### Mål i høve budsjettet/økonomiplan 2019:

- Skulen skal kontinuerleg jobbe for eit aktivt, rettmessig og inkluderande skulemiljø, jamfør Opplæringslova kapittel 9A.
- Arbeide for eit styrka heilskapsperspektiv 0-16 gjennom felles strategiar for å nå felles mål.
- Oppretthalde arbeidet med haldningsskapande og rusførebyggjande tiltak blant elevar og føresette.
- Skulen skal arbeide med strukturert omgrepslæring i samarbeid med andre faglege instansar.
- Vi skal oppdatere læremiddel og IKT-verktøy.
- Rørsle, ernæring og ei god psykisk og fysisk helse skal prege kvardagen gjennom prosjekta inkluderande barnehage og skulemiljø, liv og røre.
- SFO skal stimulere til leik og sosial utvikling som vil gje eit inkluderande fellesskap.

## Overordna mål:

- Opplæringslova § 9A-2: Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Arbeide for livsmestring (Generell del i ny læreplan)
- Elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.

## Mål for tilsette:

- Innføre eit sosial-kompetanseverktøy for alle steg.
- Gjennomføre lærarundersøkinga kvart år.
- Leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø:
  - Ha sosiale samlingar, minimum 2 kvart år.
  - Jobbe for eit raust arbeidsmiljø, der vi framsnakk kvarandre og organisasjonen.
- Innarbeide ein god delingskultur, både sosialt og digitalt.
- Bevisstgjer av ei positiv vaksenrolle, gjennom god klasseleiing.
- Sikre trygge overgangar for elevane:
  - Overgang barnehage-skule
  - Overgang steg
  - Overgang timar- friminutt
- Legge til rette for gode pausar for elevane i løpet av skuledagen.

## Mål for elevar:

- Alle elevar skal kjenne seg trygge på skulen kvar dag.
- Aktivt lære seg eit verktøy for sosial kompetanse.
- Gjere elevråd synleg, nyttig og viktig for elevar og organisasjonen.
- Gjennomføre elevundersøkinga kvart år frå 5. til 10. klasse.
- Utvikle gode relasjonar og møtestadar mellom heim og skule.
- Oppretthalde god dialog mellom elevar og tilsette via t.d. elevsamtaler.





## 5. Forankring og organisering

### 5.1. Forankring

- Lokal plan skal leggjast fram for kommunestyret desember 2018
- Lokal plan skal leggjast fram for alle tilsette og implementerast i utviklingsarbeidet i barnehage og skule.
- Lokal plan skal leggjast fram for føresette i barnehage og skule, og for elevar i skulen.
- Tiltaksplanane til prosjektet i barnehage og skule skal involvere barn, føresette og tilsette.

### 5.2. Organisering

Fyresdal kommune har tilsett to ressurspersonar i 20% kvar

- Barnehage: Kristine Berthelsen
- Skule: Inger Nome

Styrar i barnehage, Liv Johre Bakke, og rektor på skulen, Sarke Veum, er ansvarleg for å etablere og drifte prosjektet, drifte nettverk i samarbeid med resten av Vest-Telemark samarbeidet og lokalt utviklingsarbeid. I samarbeid utvikle forpliktande planar for fagleg og organisatorisk kompetanseutvikling. Ein skal delta i direktoratets kompetanseutvikling og møter.

### 5.3. Ressurspersonar – rolle og ansvar

- Bistå i å drive utviklingsarbeid lokalt, både når det gjeld innhald og organisering.
- Delta og fylgje opp nettverk nasjonalt, regionalt og lokalt.
- Vere deltakande i høve rettleiing og observasjon i personalet.
- Vere pådrivar med idear og tiltak for å auke kompetansen i personalet i høve inkluderande barnehage og skulemiljø.

### 5.4. Personalet - roller og ansvar

- Vise interesse for og delta i utviklingsarbeidet
- Engasjere seg og bidra inn med idear og tiltak
- Vere deltakar i kompetansehevinga
- Gjennomføre tiltak og prøve ut idear



## **6. Involvering**

### **6.1. Korleis involvere barn, elevar og føresette?**

Involvere barn/elevar i medskaping og planlegging av utviklingsarbeidet:

- Samtaler/dialog med barnet
- Verktøy for sosial kompetanse, auke barnet si kompetanse i sosialt samspel
- Vaksne skal vere gode rollemodellar
- Vaksne skal vere til stades for barnet
- Gjere barnet medvitent på si rolle, åtferd og ansvar
- Elevundersøkingar

Involvere føresette i utviklingsarbeid:

- Informasjon
- Utviklingssamtaler/foreldresamarbeid
- Storforeldremøte barnehage og skule
- Foreldreundersøkingar
- Samarbeidsutval/Foreldreråd
- Etablere ei kjensle av vi-barnehage og vi-skule

PPT vert involvert i arbeidet både lokalt og regionalt, gjennom allereie deltaking på ulike møtearenaer.

## **7. Erfaring og kompetanse-delning**

Ein skule, ein barnehage nært opp til kvarandre. Heile barnehagen og skulen er involvert i prosjektet. Utfordringa vert å implementere arbeidet slik at alle tilsette vert deltakande.

Barnehage og skule legg til rette for meir samarbeid, gjennom felles aktivitetar og møtestadar.

## **8. Finansiering**

Kvar barnehage og skule får kr 260 000 frå Utdanningsdirektoratet som skal dekke heile deltakarperioden på fire semester. Dette skal dekkje frikjøp av ressurspersonar, reise og opphald på møter og samlingar i og utanfor barnehage og skule.

Andre utgifter vil bli dekt av lokale driftsmidlar.

## 9. Kompetanseutvikling

### Nettverkssamlinger:

- Nasjonalt nettverk: delta på samlinger
- Regionalt nettverk: delta på samlinger, utveksle idear og erfaringar
- Lokalt nettverk: regelmessige møter, utarbeiding av plan, utveksling av idear og erfaringar

Nettverka skal bidra til å støtte utviklingsprosessane gjennom oppfølging av mål og tiltak, i tillegg til motivasjon og erfaringsdeling.

Universitetet i Sør-Noreg er vår eksterne kompetansemiljø. I tillegg ynskjer vi lokalt å knytte til oss eksterne ressurspersonar for å auke kompetansen for alle tilsette.

## 10. Vedlegg

Tiltaksplan for barnehage og skule (skal utviklast vår 2019)

